

Forskarar på tidsjakt

Først fann dei norske forskarane stadsansen. No er dei på sporet av tidsopplevelinga.

AV MAGNUS HOLM | PUBLISERT 9. AUG. 2019 | OPPDATERT 9. MARS 2020

Illustrasjoner av tid med klokker og urskiver

Forskarane trur hjernen bruker det han opplever, til å halde orden på tida. Illustrasjon: Tank.no

I 2004 fekk Edvard og May-Britt Moser Nobelprisen i medisin. Dei to forskarane hadde oppdaga spesielle hjerneceller som held orden på kor vi er og korleis vi flyttar på oss.

Dermed visste forskarane kor i hjernen stadsansen sit!

Like ved sida av ligg eit område som blir kalla lateral entorhinal korteks. Denne delen av hjernen visste forskarane framleis ganske lite om.

Albert Tsao, ein av studentane til Edvard og May-Britt Moser, bestemte seg for å sjå nærmare på dette området. Kva var de eigentleg som gjekk føre seg der?

Orden på tida

Forskarane festa små sensorar på hovuda til fleire rotter. Sensorane kunne fange opp signalene fra hernecellene i lateral entorhinal korteks. Slik ville forskarane finne ut kva rottene brukte denne delen av hjernen til.

Først fann dei berre kaos. Signalene endra seg heile tida. Til slutt forstod forskarane at det nettopp var tida som gjorde at signalene forandret seg. Det såg ut som rottene brukte denne delen av hjernen til å halde orden på kva som skjedde når. Forskarane var rett og slett på sporet av tidssansen!

Fleire forsøk

No vart forskarane verkeleg nysgjerrige. Ein av dei, Jørgen Sugar, gjekk i gang med nye forsøk. Rottene fekk prøve seg i ulike labyrintrar. I den eine labyrinten fekk dei springe fritt omkring på jakt etter godteri. Dei sprang fleire rundar i labyrinten men ingen rundar var helt like. Ein ganske spennande oppgåve for rottene altså. Den andre labyrinten var mykje kjedeleg. Her skulle rottene springe rundt i åttetal. Igjen og igjen. Runde etter runde.

Forskarane undersøkte signalene fra hernecellene til rottene nøyde. Då oppdaga dei at det var stor forskjell på dei to forsøkene:

– Då rottene gjorde den spennande oppgåva, var det lett for oss å sjå på nervesignalene kva runde rottene var på, fortel Jørgen Sugar.

Når rottene måtte gjere det same gong på gong, vart signalene helt annleis.

– Då rottene gjorde den kjedelege oppgåva, var det vanskeleg å vite kva for ein runde dei var på. Det einaste nervesignalene avslørte, var kor rottene var innanfor kvar runde.

Rotter og menneske

Forskarane trur hjernen bruker det han opplever, til å halde orden på tida. Når rottene gjorde det same gong på gong, var det vanskeleg å vite kor lang tid det tok og i kva rekkefølgje det skjedde.

Forskarane trur det same gjeld oss menneske. Når vi opplever mange nye og spennande ting, held lateral entorhinal korteks orden på rekkefølgja. Slik forstår hjernen omrent kor mykje tid det har gått. Når det nesten ikkje skjer nokon ting, blir det mykje vanskelegare. Viss vi berre opplever det same igjen og igjen, klarer ikke hjernen å halde orden på rekkefølgja. Då kan vi oppleve det som om tida nesten står stille.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 4. april 2025, kl. 06.12 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.